



HAREID KOMMUNE

HANDLINGSPROGRAM FOR HAREID KOMMUNE 2022-2025

Vedlegg 1:
Tilrådingshefte

KOMMUNESTYRET

Kommunestyret sitt vedtak

Blir fatta i kommunestyremøtet 9. desember.

Kommunestyret si handsaming

Saka blir handsama i møtet 9. desember klokka 12.



FORMANNSKAPET

Formannskapet si innstilling til kommunestyret

Formannskapet innstiller på at

1. Kommunestyret vedtek Økonomi og handlingsprogram 2022 - 2025 slik det ligg føre med saks-vedlegg og endringar som kjem fram til slutt i vedtaket.
2. Kommunestyret gir Formannskapet mynde til å gjere omdisponeringar mellom sektorane etter tilråding frå kommunedirektør.
3. Kommunestyret gir Formannskapet mynde til å gjere omdisponeringar mellom Investeringsprosjekt etter tilråding frå kommunedirektør.
4. Eventuelle tilleggsloyvingar skal nyttast til styrking av disposisjonsfondet
5. Kommunestyret vedtek fylgjande gebrysatsar for 2022:
 - a. Hareid kommunestyre vedtek med heimel i §§ 5, 6, 7 i Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Hareid kommune, rev 26.11.03 slik det går fram av vedlagte gebyrhefte.
 - b. Hareid kommunestyre vedtek med heimel i §§ 5, 6, 7 i Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Hareid kommune, rev 26.11.03, slik det går fram av vedlagte gebyrhefte.
 - c. Kommunestyret vedtek gebyrregulativet for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk slik det går fram av vedlagte gebyrheftet.
 - d. Hareid kommunestyre vedtek hamneregulativet slik det går fram av gebyrheftet. Hareid kommunestyre vedtek at fartøy som anløper kaier i kommunen sitt sjøområde, ikkje vil bli fakturert for farvassavgift for 2022.
 - e. Hareid kommunestyre vedtek feiegebyr med heimel brann- og eksplosjonsvern, § 28 og i § 17 i forskrift om brannførebygging, slik det går fram av gebyrheftet.
 - f. Hareid kommunestyre vedtek med heimel i matrikkellova (lovens §32, forskriftene §16) gebrysatsar som opplista i §5.1-§5.10. Satsane er avgiftsfrie og skal ikkje leggast til meirverdiavgift med unntak av arbeid etter § 5.8.
 - g. Hareid kommunestyre vedtek satsar for saksbehandling etter plan- og bygningslova og Lov om eierseksjoner med heimel i «Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming etter Plan- og bygningslova og Lov om eierseksjoner – Hareid kommune» slik det går fram av gebyrheftet.
 - h. Hareid kommunestyre vedtek gebyrregulativ etter forureiningslova mm slik det går fram av gebyrheftet.
 - i. Hareid kommunestyre vedtek at festeavgifta på Hareid kyrkjegard skal vere 200 kroner.
 - j. Hareid kommunestyre vedtek betalingssatsar for sektor for velferd slik dei går fram av det oppdaterte gebyrheftet.
 - k. Hareid kommunestyre vedtek betalingssatsar for sektor for læring og kultur slik dei går fram av vedlagte gebyrhefte.



Kommunedirektøren si tilråding med følgande endringer:					
Ansvar inn	Ansvar ut	Eining	Netto inn	Netto ut	Tiltak
(kostnad)	(inndeckning)		(kostnad)	(inndeckning)	
	2000	2000 Oppvekstkontor		261656	Vakans rådgivar 1. kvartal
1151		1010 Politisk styring og kontroll	94098		Kontrollutval
1150		1030 Økonomiavdeling	25558		Revisjon
5050		5005 Næring Kultur og busetting	100000		Kulturmidlar fordelt av LKU, inkludert evt tilskot til Polarstar
5030		5005 Næring Kultur og busetting	0		75' til Rasofielgarden, 50' til Hareids-stemna og 250' til Ishavsmuseet
5012		5005 Næring Kultur og busetting	42000		Fullfinansiering medlemskap Sunnmøre friluftsråd
9050	9050	9050 Finans	2700000	2700000	Tilleggsprop ekstra løyving inn på disp fond
9050 (05290)	950 (09400)	9050 Finans	400000	400000	Kjøp av aksjer i Ulshav (49 %). Ikke påverknad drift
		Sum	3361656	3361656	
Investering					
	02300	Renovering Rådhus 2023 går ut, reduksjon i driftskostnad går til styrking av fondsavsetning			

Gebrysatsar

Gebrysatsar, 1.3 Leigesatsar for skulebygg 2022

1.3.1 Skulane

Skulekorps og breiddeidrett er fritekne.

1.3.5. Brandal skule – gymsalen

Brandal friskule kr 254,-

Næringsliv kr 1 591,-

Byggesaksgebyr, fritak for lag og organisasjoner som før, inkludert verneverdige/historiske bygg/byggverk



Formannskapet si handsaming

Ordførar fremja to tilleggsframlegg:

Tillegg 1:

Kommunedirektøren si tilråding med følgande endringar:

Kommunedirektøren si tilråding med følgande endringar:					
Ansvar inn	Ansvar ut	Eining	Netto inn	Netto ut	Tiltak
(kostnad)	(inndeckning)		(kostnad)	(inndeckning)	
	2000	2000 Oppvekstkontor		261656	Vakans rådgivar 1. kvartal
1151		1010 Politisk styring og kontroll	94098		Kontrollutval
1150		1030 Økonomiavdeling	25558		Revisjon
5050		5005 Næring Kultur og busetting	100000		Kulturmidlar fordelt av LKU, inkludert evt tilskot til Polarstar
5030		5005 Næring Kultur og busetting	0		75' til Rasofielgarden, 50' til Hareids-stemna og 250' til Ishavsmuseet
5012		5005 Næring Kultur og busetting	42000		Fullfinansiering medlemskap Sunnmøre friluftsråd
9050	9050	9050 Finans	2700000	2700000	Tilleggsprop ekstra løyving inn på disp fond
9050 (05290)	950 (09400)	9050 Finans	400000	400000	Kjøp av aksjer i Ulshav (49 %). Ikke påverknad drift
		Sum	3361656	3361656	
Investering					
	02300	Renovering Rådhus 2023 går ut, reduksjon i driftskostnad går til styrking av fondsavsetning			

Gebrysatsar, 1.3 Leigesatsar for skulebygg 2022

1.3.1 Skulane

Skulekorps og breiddeidrett er fritekne.

1.3.5. Brandal skule – gymsalen

Brandal friskule kr 254,-

Næringsliv kr 1 591,-

Byggesaksgebyr, fritak for lag og organisasjoner som før, inkludert verneverdige/historiske bygg/bygg-verk

Tillegg 2:

Oppdaterte gebrysatsar for sektor for velferd. Utsendt på PDF - lagt ved protokollen.

Kjetil Nesset får permisjon frå møtet.

6 voterande

Røysting:

Fyrst blei det røysta over kommunedirektøren si tilråding med eventuelle endringar:

Samrøystes vedteke



Så blei det røysta over tillegga:

Tillegg 1 frå ordførar: Samrøystes

Tillegg 2 frå ordførar: Samrøystes



KOMMUNEDIKTØREN

Kommunedirektøren si tilråding

1. Kommunestyret vedtek Økonomi og handlingsprogram 2022 - 2025 slik det ligg føre med saksvedlegg.
2. Kommunestyret gir Formannskapet mynde til å gjere omdisponeringar mellom sektorane etter tilråding frå kommunedirektør.
3. Kommunestyret gir Formannskapet mynde til å gjere omdisponeringar mellom Investeringsprosjekt etter tilråding frå kommunedirektør.
4. Eventuelle tilleggsloyvingar skal nyttast til styrking av disposisjonsfondet
5. Kommunestyret vedtek fylgjande gebrysatsar for 2022:
 - a. Hareid kommunestyre vedtek med heimel i §§ 5, 6, 7 i Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Hareid kommune, rev 26.11.03 slik det går fram av vedlagte gebyrhefte.
 - b. Hareid kommunestyre vedtek med heimel i §§ 5, 6, 7 i Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Hareid kommune, rev 26.11.03, slik det går fram av vedlagte gebyrhefte.
 - c. Kommunestyret vedtek gebyrregulativet for Søre Sunnmøre Reinhaldsverk slik det går fram av vedlagte gebyrheftet.
 - d. Hareid kommunestyre vedtek hamneregulativet slik det går fram av gebyrheftet. Hareid kommunestyre vedtek at fartøy som anløper kaier i kommunen sitt sjøområde, ikkje vil bli fakturert for farvassavgift for 2022. e. Hareid kommunestyre vedtek feiegebyr med heimel brann- og eksplosjonsvern, § 28 og i § 17 i forskrift om brannførebygging, slik det går fram av gebyrheftet.
 - f. Hareid kommunestyre vedtek med heimel i matrikkellova (lovens §32, forskriftene §16) gebrysatsar som opplista i §5.1-§5.10. Satsane er avgiftsfrie og skal ikkje leggast til meirverdiavgift med unntak av arbeid etter § 5.8.
 - g. Hareid kommunestyre vedtek satsar for saksbehandling etter plan- og bygningslova og Lov om eierseksjoner med heimel i «Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming etter Plan- og bygningslova og Lov om eierseksjoner – Hareid kommune» slik det går fram av gebyrheftet.
 - h. Hareid kommunestyre vedtek gebyrregulativ etter forureiningslova mm slik det går fram av gebyrheftet. i. Hareid kommunestyre vedtek at festeavgifta på Hareid kyrkegard skal vere 200 kroner.
 - j. Hareid kommunestyre vedtek betalingssatsar for sektor for velferd slik dei går fram av vedlagte gebyrhefte.
 - k. Hareid kommunestyre vedtek betalingssatsar for sektor for læring og kultur slik dei går fram av vedlagte gebyrhefte.

Kommunedirektøren sitt saksframlegg

Samandrag

Budsjett og handlingsprogram for neste fireårsperiode vitnar om framtidstru med vilje til satsing for å utvikle kommunen til det beste for innbyggjarar og næringsliv. I budsjettet ligg ei satsing på å legge til rette for rekruttering av fleire innbyggjarar, og for endå betre og meir effektiv samhandling med næringslivet



For å få plass til tiltak som vil auke bulysta er dei ordinære rammene svært stramme. Det vil krevje tett oppfølging og kontinuerlig omstilling med fokus på å holde budsjettet i 2022 og åra framover. Uforutsette hendingar vil med stort sannsyn måtte løysast med budsjettkorrigering mellom sektorene sine rammer. Kommunedirektøren peiker på at det er avgjerande viktig å ta strategisk gode val no, der ein ser behovet til kommunen samla sett og tenkjer langsiktig i høve prioriteringsrekkefylje av tiltak og kommunen si sama gjeldsbyrde.

Saksopplysningar

Kommunelova seier dette om kommunal økonomiforvaltning i §14-1: Kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivaretatt over tid. Kommunar skal utarbeide samordna og realistiske planar for eiga verksamhethet og økonomi og for lokalsamfunnet eller regionen si utvikling. Kommunar skal forvalte finansielle midlar og gjeld på ein måte som ikkje inneber vesentlig finansiell risiko, blant anna slik at gjeld kan innfriast ved forfall.

Kommunen har alt ei gjeldsgrad over det som er anbefalt så nye lån må vere strategiske, ha god kost/nytte og bidra til ei positiv kostnadsutvikling for drift av kommunen. Budsjettarbeidet starta med tiltak frå einingsleiarar, sortert og prioritert frå kommunalsjefane. På det tidspunktet definerte vi manglende inndekning på over 20 millionar kroner. Vidare har budsjettarbeidet vore toppstyrt gjennom ei tverrfagleg

ressursgruppe med utgangspunkt i økonomiavdelinga. Strategien har vore å ta meir utgangspunkt i rekneskap enn budjettrammer. Vidare har ein sett meir på forbruk på enkeltpostar framfor sektor-grenser. Det vert langsiktig jobbing med omstilling og tiltak for å auke inntektene.

Arbeidet med budsjettet og økonomiplanen for 2022-2025 har vore krevjande. Budsjettet er svært stramt og det er funne plass til berre dei mest naudsynte driftstiltaka, der det er lagt vekt på tiltak som vil legge til rette for næringslivsutvikling og bulyst. Vidareføring av stilling for kulturkonsulent og prosjekteigar for vekst i Hareid ligg inne, saman med ei styrking av sektor for samfunnsutvikling for å kunne få raskare innanfor saksområda byggesakshandsaming og grunnkjøp.

Når det gjeld investeringar er det i all hovudsak prioritert å ta inn tiltak som alt er politisk vedtekne. I tillegg har ein klart å finne rom for nokre naudsynte oppgraderingar av bygningsmassen og sikring av verdiar, samt til førebuing av nokre prosjekt som kan medføre vidare utvikling av lokalsamfunnet og auke både sysselsetting og bulyst. På investeringsbudsjettet ligg her viktige tiltak for utvikling av tenester, og kommunedirektøren peiker på at utbygging av omsorgstenesta må ha ein sentral plass i denne handlingsplanperioden. Ny plan for helse- og omsorgstenester vert sentral i det arbeidet.

Det er også lagt inn nokre disponible midlar for å kunne handtere uforutsette hendingar og for å kunne avslutte pågående prosjekt. Det kan vere bygnadsmessige forhold eller utstyr som står i fare for å måtte skiftast ut, særleg innan sektor for Velferd og som det er viktig å kunne erstatte ut frå eit helse-, miljø- og tryggleiksperspektiv.

Vurdering og konklusjon:

Det er i budsjettarbeidet vorte meldt inn ei lang rekke med drifts- og investeringstiltak som ein ikkje har finne rom for i budsjettet for 2022. Driftsbudsjetta for sektorane og for sentraladministrasjonen er svært stramme og det vil krevje fortsatt stort fokus og arbeid med omstilling i alle delar av organisasjonen for å klare å kome ned på eit berekraftig driftsnivå. Her er ingen slark og det vert ei utfordring for einingane å klare dei store kutta på lønsutgifter.

Vi står i ei reell fare for at disposisjonsfondet må brukast for å dekke overforbruk i 2021, og det er sannsynleg at overforbruket også vil overstige det vi har på fond. Dersom det skulle skje må ytterlegare kutt gjerast i drifta i løpet av 2022.


Kommunedirektøren peiker på at det er avgjerande viktig å ta strategisk gode val no, der ein ser behovet til kommunen samla sett og tenkjer langsiktig i høve prioriteringsrekkefylje av tiltak og kommunen si sama gjeldsbyrde.



Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende
Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende
Miljøkonsekvensar: Ingen kjende
Økonomiske konsekvensar: Omtala i dokumentet
Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende
Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende

Ragnhild Velsvik Berge, kommunedirektør
Bjørnar Haddal, Økonomileiar





Tilrådingshefte 2022-budsjettet